

Fylkeslandbrukskontoret i Hordaland

JORDBRUKSETATEN

Litleåsvegen 49
5090 Nyborg
Tlf. (05)192730

LINDÅS KOMMUNE	TEKNIK ETAT
07.02.89 000385	
ARKIV NR. 102-4	

HARALD FJELLSBØ

5149 MYKING

PARSELCOPY

ARKIV

Dykkar ref.

Vår ref. PAL/la

Dato 030289

FRÅDELING AV PARSELL M/PÅSTÅANDE VÅNINGSHUS FRÅ GNR.102 BNR.4
I LINDÅS. KLAGA.

Saka vart handsama av fylkeslandbruksstyret i møte 010289.
Utskrift av fylkeslandbruksstyret si møtebok ligg ved.

Vi viser til det vedtak fylkeslandbruksstyret nå har gjort, og
ber Dykk innan 12 dagar skriftleg seia frå om De framleis krev
at saka skal handsamast som klagesak av Landbruksdepartementet.

Etter fullmakt

Per A. Lund

Kopi: Landbrukskontoret
" Bygningsrådet

MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side

Landbruksnemnda Lindås		Fylkeslandbruksstyre	FYLKESLANDBRUKSKONTORET I HORDALAND		
Møte 29.12.1987	Sak 12638700135 DEL Reg.nr. 690/87	Møte Tidl. sak	Reg.nr. Saknr.	Tidl. sak Saksbehandler:	
Søknad om fradeling av bruket m/tomt parsell(er) Søknad om omdisponering av parsell(er) fra eiendommen Vabø G.nr. 102 B.nr. 4 Kommune Lindås					
Eier(e) Harald Fjellsbø		Adresse 5149 Myking			
Kjøper(e)		Adresse			
Areal- oppgave	Fulldyrket	Bruket 30 da	Arealklassi- fisering <input type="checkbox"/> A <input type="checkbox"/> B	Parsell(ene) da	Arealklassi- fisering <input type="checkbox"/> A <input type="checkbox"/> B
	Overflatedyrket/gjødslet beite	10 da			
	Prod.skog/plantemark	100 da			
	Annet areal	30 da			
	Areal i alt	170 da			
	Dyrkbart til fulldyrk.	da	<input type="checkbox"/> A <input type="checkbox"/> B		<input type="checkbox"/> A <input type="checkbox"/> B
Bruks- måte	Bruket er:	<input type="checkbox"/> Familiebruk <input checked="" type="checkbox"/> Støttebruk <input type="checkbox"/> Ikke jordbruk <input type="checkbox"/> Bortleid			
	Bruket ligger i et område med:	<input type="checkbox"/> Middels gode jordbruksvilkår <input checked="" type="checkbox"/> Dårlige jordbruksvilkår	<input type="checkbox"/> Gode jordbruksvilkår <input checked="" type="checkbox"/> Økende el. stabilt folketall	<input type="checkbox"/> Nedgang i folketallet	
Formålet med frad./ omdisp.	<input type="checkbox"/> Skogplanting	<input checked="" type="checkbox"/> Boligformål	<input type="checkbox"/> Hytte/fritidshus		
	<input type="checkbox"/> Tilleggsjord	<input type="checkbox"/> Industri ol.	<input type="checkbox"/> Kirke, skole, helse, idrett ol.		
	<input type="checkbox"/> Tilleggsskog	<input type="checkbox"/> Veger/samferdsel	<input type="checkbox"/> Andre formål		
Saks- utredning	Søkjaren ynskjer å dela det gamle våningshuset fra ved overdraging av bruket til sonen, som har bygt hus på frådelt tomt (102/85), sjå vedl. kart. Heile garden Vabø er i arealdisponeringsplanen frigjeve til andre føremål enn jordbruk. <u>Samrøystes vedtak:</u> Landbruksnemnda i Lindås meiner at huset bør høyra til bruket, og kan ikkje tilrå frådeling.				
	Sign. (Lbn.) 	Sign. (Fl.st.)	Utskrift sendt til: Fylkeslandbrukskontoret Søkjar		
	30.000.4.85. e.strykk-Oslo	393.	E		

MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side

Landbruksnemnda		Fylkeslandbruksstyre	
Møte	Sak	Møte	Sak
Reg.nr.	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak

FYLKESLANDBRUKSSJEFEN

PAL/nga

Frådeling av parsell på 1,5 da m/påståande våningshus frå gnr. 102, bnr. 4 i Lindås.

Saka vert handsama av fylkeslandbruksjefen etter fullmakt frå fylkeslandbruksstyret 4. mai 1988.

Fylkeslandbruksjefen syner til landbruksnemnda si møtebok 29.12.87, der nemnda rår ifrå at det vert gjeve samtykkje til denne frådelinga.

Ved skriv (udatert) motteke ved fylkeslandbrukskontoret 3.2.88 har eigaren kome med merknader til landbruksnemnda si tilråding. Han peiker der på at bruket skal overdragast til sonen, som bur på frådelt parsell på bruket, og at dette huset då vert hovedhus på bruket. Vidare peikar eigaren på at det p.g.a. den økonomiske belastninga for han som skal overta bruket, er ønskjeleg at det gamle våningshuset kan delast frå.

Fylkeslandbruksjefen viser til jordlovas §55, som fastset at deling av landbrukseigedom berre kan skje dersom dette er driftsøkonomisk forsvarleg. Skal bruket drivast, treng det våningshuset. Det vil dessutan i samband med generasjonsskifte normalt verha trøng for eit hus nr. 2 på bruket. Om huset til den som overtek bruket, går inn i driftseininga, meiner fylkeslandbruksjefen likevel at også det gamle våningshuset (kårhuset) er ein ressurs som bør høyre til bruket. Frådeling av dette huset kan difor ikkje reknast som driftsøkonomisk forsvarleg.

Dessutan ville frådeling av ein bustadparsell i tunet på bruket og nær driftsbygninga vere svært uheldig. Sjølv om det no er nær familie til brukaren som skal bu der, vil parsellen etter frådeling verte fritt omsetteleg og landbruksstyremaktene har ikkje hand over kven som vert eigar i framtida. Ein har erfaring for at det i slike situasjonar kan oppstå konflikt mellom bustadinteresser og gardsdrifta. Til vanleg vil ein difor ikkje gje samtykkje til frådeling når tomta ligg så nær inni tunet.

VEDTAK:

Det vert ikkje gjeve samtykkje etter jordlovas §55 til frådeling av omsøkte parsell på 1,5 da m/påståande våningshus frå gnr. 102, bnr. 4 i Lindås.

Om klagerett vert synt til vedlagte klageskjema.

FYLKESLANDBRUKSKONTORET I HØRDALAND,
Original: Bygningsrådet/tekn. etat
Kopi' Partane og
Landbrukskontoret

Nyborg 4. mai 1988

etter fullmakt
Per A. Lund
Per A. Lund

Sign. Lbn.

Sign. Fl.st.

MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side 1

Landbruksnemnd Lindås		Fylkeslandbruksstyre	FYLKESLANDBRUKSKONTORET I HORDALAND	
Møte 20.10.88	Sak - 12638700135 KLD	Møte 1.2.89	J.nr. 00000	28.10.88
Reg.nr. 521/88	Tidl. sak	Reg.nr.	Saksnr.: Saksbehandler:	Tidl. sak Saksbehandler:

Søknad om frådeling av ... Våningshuset på bruket m/tomt parsell(ar)

Søknad om omdisponering av parsell(ar)

frå eigedomen Vabø

G.nr. 102 B.nr. 4 Kommune Lindås

Eigar(ar) Harald Fjellsbø Adresse 5149 MYKING

Kjøpar(ar) Adresse

Areal- oppgåve	Bruk	Arealklassi- fisering	Parsell(ane)	Arealklassi- fisering
Fulldyrka	30 da	<input type="checkbox"/> A <input type="checkbox"/> B da	<input type="checkbox"/> A <input type="checkbox"/> B
Overflatedyrka/gjødsla beite	10 da	 da	
Prod.skog/plantemark	100 da	 da	
Anna areal	30 da	 da	
Areal i alt	170 da	 da	
Dyrkbart til fulldyrk.	da	<input type="checkbox"/> A <input type="checkbox"/> B da	<input type="checkbox"/> A <input type="checkbox"/> B

Bruks- tilhøva	Bruket er:	<input type="checkbox"/> Familiebruk	<input checked="" type="checkbox"/> Støttebruk	<input type="checkbox"/> Ikkje jordbruk	<input type="checkbox"/> Bortleigt
	Bruket ligg i eit område med:	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/> Dårlege jordbruksvilkår	<input type="checkbox"/> Gode jordbruksvilkår	<input type="checkbox"/> Nedgang i folketallet

Føremålet med fråd./ omdisp.	<input type="checkbox"/> Skogplanting	<input checked="" type="checkbox"/> Bustadføremål	<input type="checkbox"/> Hytte/fritidshus
	<input type="checkbox"/> Tilleggsjord	<input type="checkbox"/> Industri ol.	<input type="checkbox"/> Kyrkje, skole, helse, idrett ol.
	<input type="checkbox"/> Tilleggsskog	<input type="checkbox"/> Vegar/samferdsel	<input type="checkbox"/> Andre føremål

Saks- utgreiing	Klage, (8 sider + 16 sider vedlegg) dagsett 07.07.88. Klagar Harald Fjellsbø, 5149 Myking. Me kan opplysa at plåsseringa av utmarksarealet i arealoppgåva ovanfor ikkje har hatt verknad for landbruksnemnda si tilråding i saka. Dét avgjerande for landbruksnemnda var huset si plas- sering i høve til tunet på bruket, og at huset etter frådeling kan seljast til kven som helst. Tilrår landbruksnemnda å ta synfaring.			
	Framh.			

Sign. (Lbn.)

Sign. (Fl.st.)

Utskrift sendt til:

MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side

Landbruksnemnd		Fylkeslandbruksstyre	
Møte	Sak	Møte	Sak
Reg.nr.	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak
		1.2.89	

Landbruksnemnda var på synfaring samane med eigaren.

Samrøystes vedtak:

Dersom innkjøringa kan flyttast til nordsida av tomta, slik at parsellen får eigen avkjøring, kan landbruksnemnda i Lindås tilrå frådelinga.

Dette er no ordna, avkjøringa er synt på vedlagte kart.

FYLKESLANDBRUKSSTYRET

PAL/la

FRÅDELING AV PARSELL M/PÅSTÅANDE VÅNINGSHUS FRÅ GNR.102 BNR.4 I LINDÅS. KLAGE.

Ingen av styremedlemene sa seg ugilde.

Dokumentliste:

1. Notat til søknad om frådeling (udatert)
2. Kart M 1:5000
3. Utskrift av landbruksnemnda si møtebok 291287.
4. Skriv m/vedlegg (udatert) motteke 3.2.88 frå Harald Fjellsbø.
5. Kopi av fylkeslandbrukssjefen sitt vedtak 4.5.88
6. Skriv 260588 frå Harald Fjellsbø til landbruksdepartementet.
7. Klage 7.7.88
8. Utskrift av landbruksnemnda si møtebok 20-10-88.

Saksutgreiing:

Søknaden gjeld frådeling av våningshuset på bruket med tomt, i søknaden oppgjeve til 1,5 da. Bruket skal overførast til son til eigaren, og han har eige hus på frådelt parsell på bruket. Sjå elles dok.1, der det er gjort greie for bakgrunn for søknaden, og kart M 1:5000 (dok.2) der våningshus, driftsbygning og den nye eigaren sitt hus er avmerka.

Landbruksnemnda handsama søknaden 291287 og gjorde då slikt vedtak:

"Landbruksnemnda meiner at huset bør høyra til bruket og kan ikkje tilrå frådeling".

Eigaren har i brev (udatert) kome med merknader til nemnda si tilråding (sjå dok.4).

Fylkeslandbrukssjefen har handsama saka etter fullmakt frå fylkeslandbruksstyret og gjorde 4.5.88 vedtak om ikkje å gje samtykkje til frådelinga.

Ved skriv 7.7.88 har eigaren klaga til landbruksdepartementet.

Klagen har vore sendt landbruksnemnda som i møte 201088 har gjeve slik uttale til klagen:

"Dersom innkjøringa kan flyttast til nordsida av tomta, slik at parsellen får eigen avkjøring, kan landbruksnemnda i Lindås tilrå frådelinga".

./. .

Sign. Lbn.

Stein A. Valakur.

Sign. Fl.st.

Fylkeslandbrukskontoret

Søkjar.

MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side

Landbruksnemnda		Fylkeslandbruksstyre	
Møte	Sak	Møte	Sak
Reg.nr.	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak

Det har vore synfaring på staden 240888 ved konsulent Lund, saman med herads- agronom Aalvik. Tilstades var også eigaren Harald Fjellsbø.

Synfaringsrapporten er slik:

"Garden Vabø er eit heller svakt landbruksområde. Dette gjev óg arealdisponeringsplanen frå 1960-åra uttrykk for, i og med at området i denne planen vart rekna å vere disponibelt til andre føremål. Dette er likevel ein plan som ikkje opphever jordlova, og kvar einskild sak må difor vurderast utifrå dei relevante tilhøva i saka.

Gnr. 102 bnr.4 er eit støttebruk med godt våningshus og brukande driftsbygning. Det har skjedd ein del bustadbygging og hyttebygging på eigedomen og på naboeigedomane dei seinare åra. Arealoppgåva syner 30 da fulldyrka jord og 10 da overflatedyrka jord. Desse tala gjev truleg eit for gunstig uttrykk for jordbruksressursane på bruket. Eigaren har óg hatt merknader til opplysningane i jordregisteret om at bruket har 100 da plantemark. Alt i alt må ein sei at vilkåra for framtidig landbruksdrift er sovidt usikre, at ein ikkje bør stille krav om at det skal vere to våningshus på dette bruket. Når bruket vert overført til sonen, som har bustadhús like ved tunet, og hans hus vert rekna som del av driftseinininga, skulle det såleis ikkje vere driftsøkonomisk uforsvarleg å dele frå neverande hovudbustad. Når det gjeld driftsmessige ulemper ved frådeling, skulle dei, verte minimale, dersom tilkomst til huset, vert lagt til nordsida og direkte inn på gardsvegen. Ein vil såleis tilrå at det vert gjeve løyve til frådeling på desse vilkår".

Fylkeslandbruksjefen syner til synfaringsrapporten og rår til at fylkeslandbruksstyret etter klage endrar tidlegare vedtak i samsvar med det som går fram av synfaringsrapporten.

Framlegg til vedtak:

Fylkeslandbruksstyret syner til fylkeslandbruksjefen si fråsegn og gjer om fylkeslandbruksjefen sitt vedtak av 4.5.88.

Fylkeslandbruksstyret gjev samtykkje etter jordlovas § 55 til frådeling av omsøkte parsell på ca. 1,5 da m/påståande våningshus frå gnr. 102 bnr. 4 i Lindås på vilkår av at tomta får eigen avkjøring på nordsida av tomta.

Det er óg eit vilkår at gnr. 102 bnr. 4 i Lindås deretter vert overdrege til Jarle Fjellsbø (son til eigaren) og at hans bustadhús gnr. 102 bnr. 85 etter overdragninga vert å rekne som ei driftseinining saman med gnr. 102 bnr. 4 i høve til jordlovas § 55.

Vedtak:

Fylkeslandbruksstyret sluttar seg samrøystes til fylkeslandbruksjefen sitt framlegg til vedtak.

MØTEBOK - TEKNISK UTVAL / BYGNINGSRÅDET

Denne saka er handsama av bygningssjefen i samsvar med myndighet delegert frå bygningsrådet. Delegasjonen er etter § 14 nr. 2 i bygningslova og er godkjent av kommunaldepartementet den 05.01.77.

5100 ISDALSTØ	Møte- stad: Lindås rådhus	Møte dato: 06.04.89
Saks- hands.: Fauske	Vabø Gnr. 102, bnr. 4	Sak nr D-47/89
Søkjar/ meldar: Harald Fjellsbø	Adr. 5149 MYKING	
Saka gjeld: Frådeling av bebygt bustadtomt.		

Vedlegg: Søknad, dat. 16.11.87
 situasjonskart i M= 1:5000
 skriv frå Harald Fjellsbø, dat. 14.12.87
 kvittering for nabovarsel
 Frarådd av kommuneplanutvalet v/sekr. dat. 04.02.88
 Godkjent av fylkesl.brukskntr., dat. 01.02.89

MERKNAD:

Det vert søkt om frådeling av våningshuset på bruket med tomt på omlag 1,5 da. Bruket skal overførast til son til eigaren, som har eige hus på frådelt parsell på bruket.

Kommuneplanutvalet hevdar i si uttale av 04.02.88 at våningshuset er sentralt plassert på bruket, og bør i framtida tilhøyre bruket som hus nr. 2.

Fylkeslandbrukskontoret har godkjent søknaden.

VEDTAK:

I samsvar med § 63 i plan- og bygningslova, jfr. vedtekt til § 117 godkjenner bygningsrådet søknaden om deling av eideom på følgjande vilkår:

1. Tomta skal ha eigen avkøysel til kommunevegen på nordsida av tomta.
2. Avkøysle frå kommuneveg vert godkjend og skal utførast i samsvar med dei vilkåra som er opplista i søknadsskjemaet. (§ 66 pkt. 1)
3. Gnr. 102, bnr. 4 i Lindås vert å overdra til Jarle Fjellsbø og nr. 102, bnr. 85 skal etter overdragninga reknast som ei driftseining saman med bnr. 4.

For Lindås bygningssjef	Utskrift sendt til: Harald Fjellsbø Jarle Fjellsbø
-------------------------	--


MØTEBOK - TEKNISK UTVAL / BYGNINGSRÅDET

Denne saka er handsama av bygningssjefen i samsvar med myndighet delegert frå bygningsrådet. Delegasjonen er etter § 14 nr. 2 i bygningslova og er godkjent av kommunaldepartementet den 05.01.77.

5100 ISDALSTØ	Møte- stad: Lindås rådhus	Møte dato: 06.04.89
Saks- hands.: Fauske	Vabø Gnr. 102, bnr. 4	Sak nr D-47/89
Søkjar/ meldar: Harald Fjellsbø	Adr. 5149 MYKING	
Saka gjeld: Frådeling av bebygt bustadtomt.		

Vedlegg: Forsettes

4. Bygningssjefen skal avgjera grensene for tomta.
5. Området er ikkje regulert. Eigar (festar) må difor vera merksam på at det seinare kan verta aktuelt med justering av grenser, vegføring m.m.
6. Deling av eigedom kan ikkje finna stad før vilkåra ovanfor er ordna. Melding vert sendt til søkeren når saka er klar for oppmåling.

For Lindås bygningssjef 	Utskrift sendt til: Harald Fjellsbø Jarle Fjellsbø
--	--



LINDÅS KOMMUNE

TEKNISK SJEF

5100 ISDALSTØ

TLF. (05) 35 05 55

ARKIV NR. 102-4

12.04.1989

Harald Fjellsbø
5149 Myking

MELDING I FORVALTNINGSSAK

I samsvar med § 27 i forvaltningslova vert det med dette
meldt at det den 06.04.89 sak D-47
av bygningssjefen i Lindås, 5100 ISDALSTØ
er gjort vedtak som vedleggget syner.

Vedtaket kan påklagast til bygningsrådet, jfr. § 14.3 i
plan- og bygningslova.

Klagefristen er 3 - veker frå den dagen brevet kom fram til
mottakaren. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen
går ut. Klagen skal sendast til Lindås bygningsråd, 5100
ISDALSTØ. Han skal vera underskriven, nemna det ved- taket
som det vert klaga på, gjeva opp dei endringar som er øn-
skjelege og dei grunnar De vil føra for klagen.

Dersom De klagar så seint at det kan vera uklårt for oss om
De har klaga i rett tid, ber vi Dykk gjeva opp når denne
meldinga kom fram. Om løyve til å få klagefristen forlengja,
og om løyve til å påklaga vedtaket sjølv om klagefristen er
ute m.m., gjeld elles føresegnehene i § 29 - 32 i forvaltnings-
lova. Om oppsetjande verknad av klage gjeld § 34 i forvalt-
ningslova. Har De ikkje høve til å gjera Dykk kjend med
desse føresegnehene, eller De treng rettleiing om kva De skal
eller kan gjera, kan De venda Dykk hit.

For bygningssjefen i Lindås

Ingvil Lohne